



Journalistprisen

HILDE VORMEDAL NYBØ SUNNHORDLAND

Årets vinnar av journalistprisen har løyst samfunnsoppdraget på ein framifrå måte. Gjennom systematisk bruk av innsynsretten, god evne til å innhente og samanstill data, og ein drivande vilje til å få sanninga fram, har prisvinnaren avslørt samfunnskritiske forhold som elles ville ha vore ukjende for det offentlege. Ein kvardagssak om ein ladestasjon for bilar blir utvida til ein artikkelserie, der journalisten og avisa avslører kommunen sine hemmelege og eksklusive avtalar verdt fleire titals millionar kroner, i tillegg til manglande politisk behandling. Konsekvensen av det grundige journalistiske arbeidet er at kommunen snur, men journalisten og avisa stoppar ikkje der. Artikkelserien blir avslutta med å løfte tematikken til nasjonalt nivå, og det journalistiske handverket er av høg klasse. For sitt arbeid med «Tesla-saka» blir journalist Hilde Vormedal Nybø i avisa Sunnhordland løna med journalistprisen for 2023.

Juryen, Hamar, 16. mars 2024

Eva Akerbæk

Siri Skaalmo

Thomas Frigård